

Meland, 07.02.2017

## Foreløpig svar på spørsmål om situasjon på sjukeheimen i Meland.

Ein viser til KS 124/2016 verbalpunkt 4: *Meland sjukeheim - Kommunestyret ønskjer å ta i bruk fleire senger ved Meland sjukeheim. Ein vil komme tilbake til dette i revidert budsjett 2017.*

Under er eit foreløpig svar på vurdert status, og nemnde svar vert å kvalitetssikre jamfør revidert budsjett.

I tillegg til tekst under vil tenestemrådeleiar gje ei munnleg orientering i møte.

Spørsmål stilt om situasjonen ved korttidsavdelinga / overbelegg:	Foreløpig vurdering – vert å kvalitetssikre jamfør revidert budsjett
<p><u>Ang overbelegg:</u> Kva er ekstrakostnadane med dette, og korleis blir dette finansiert?</p>	<p>Overbelegg ved Solkroken er ikkje finansiert. Ekstrakostnad vert lagt fram i månadsrapport frå tenestemråde til rådmann pr 10. i månaden. Utfordringa er at ein per tid ikkje har greidd å skriva ut pasientar etter endt korttidsopphald då helsetilstanden til desse pasianetane har vore for dårleg til det.</p> <p><u>Ekstra utgifter omlag:</u> Ekstra lønnskostnad for januar 2017 er: ca kr 105.000,- Ekstra kostnad til mat, medisiner mm: Medisin ca: (Kr 5000,-pr pasient pr mnd) = Kr 10.000,- Kost (etter kostnad pr pasient pr døgn, kr 148,-) = Kr 9.200,- Medisinsk utstyr mm ca. Kr 1500,- x 2 pasientar= Kr 3000,- Totale kostnader: <u>Kr. 127.200,-</u></p> <p><u>Auka inntekt (to pasientar):</u> Korttidsopphald: Kr 150,- pr døgn x 31 x 2 = <u>9.300,-</u> (Langtidsopphald pr mnd kr 13.000,- x 2= <u>Kr 26.000,-</u>)</p>
<p>I kva grad får ikkje utskrivingsklare pasientar plass på sjukeheimen, men må bli verande på sjukehuset?</p>	<p>For januar 2017 er det betalt for 20 ekstra døgn ved sjukehuset for 2 pasientar som er meldt utskrivningsklare. 20 døgn x Kr 4622,- = <u>Kr 92.440,-</u></p> <p>Pr. 06.02.17 er det meldt ytterlegare to nye utskrivingsklare pasientar som ein per tid ikkje kan ta imot ved korttidsavdelinga.</p>
<p>I kva grad kjøper kommunen sjukeheimsrom i nabokommunar for å hjelpe på den vanskelege situasjonen? Kva er kostnadane ved dette?</p>	<p>Det er ved dagsdato gjort avtale for leige av ein plass i 6 veker i Radøy kommune. Kostnad: Kr 2700,- x 7 (dagar) x 6 (veker) = <u>Kr 113.400,-</u></p> <p>Kostnad pr pasient pr mnd (31 døgn x kr 2.700,-) = <u>Kr 83.700,-</u></p>
<p>Stemmer det at den reelle kostnaden for å opne romma på Nordgardstunet er kr 2,275 mill og ikkje kr 3,9 mill?</p>	<p>Viser til vedlegg til sak i KS 124/2016 syner vurdering av at Langtidsavdelinga treng 6 personar i for å dekkja pleiebehovet ved opning av 4 nye pasientrom.</p> <p>Ved Langtidsavdelinga har ein i dag 9 tilsette i helgestillingar/ småstillingar. Dette er bla grunnen til at ein ikkje kan tilsetta fleire i mindre / små stillingar, evt helgestillingar.</p> <p>Ein treng heile stillingar ved oppretting av nye pleiestillingar også fordi Meland Sjukeheim / Meland kommune har som satsingsområde kvalitet og heiltidskultur. Ein treng heile stillingar for å tileigna seg kompetanse.</p>

<p>Kan det hende at dei reelle kostnadane ved å ha overbelegg på Solkroken, utskrivingsklare pasientar liggjande på sjukehus, kjøp av plassar i nabokommunar og ekstra belastning på heimetenestene ikkje er langt unna dei kr 2,275 mill det vil koste å opne nye rom på Nordgardstunet?</p>	<p>Det å gi teneste ved konstant overbelegg er svært krevande. Avdelinga er ikkje tilrettelagt for 11 pasientar og personalet vert slitne ved å heile tida ha for lite ressursar jamfør overbelegg.</p> <p>Årsverknad av å opne 4 rom er om lag ca 3,9 mil. Tala må kvalitetssikrast jamfør auka inntekt eigenbetaling kombinert med auka utgift til medisin, mat og anna medisinsk utstyr tilknytta aktuelle nye pasientar. Det å tilsette nytt personale (6 personar) vil kreje tid og rekrutteringsprosess vil ta om lag 4-6 månader.</p> <p>Samla vurdering og svar på spm må kvalitetssikrast. Uansett er dette midlar som per tid ikkje er tilgjengeleg i budsjett. Tenesteområde sjukeheim vil måtte vurdere å ta ned overbelegg snarast råd.</p>
	<p>Utfordring pr 07.02.17:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det 4-5 pasientar i heimetenesta som ventar på langtids plass.</li> <li>- 3 senger ved korttidsavdelinga vert brukt til rullerande opphald.</li> <li>- Korttidsavdelinga har 4-5 langtids pasientar av totalt 9 plassar</li> <li>- Ein korttids pasient vert leigd plass i Radøy kommune (6 veker)</li> <li>- To pasientar på sjukehus ventar på opphald ved korttidsavdeling</li> </ul>

Randi Rotevatn Minde  
Leiar Meland Sjukeheim

Kopi: Rådmann

## Opning av fleire rom ved langtidsavdelinga, Nordgardstunet, (nov. 2016).

Ved å opne fleire rom ved sjukeheimen må ein sikre ei forsvarleg teneste.

Dette medfører at ein treng ein pleiar til på kveldsvakta gjennom veka og ein pleiar til på dagtid, frå 07.15 til kl 22.00. Totalt auke vert 15,75 timar pr dag i ressursauke.

Pr år gjev dette 5748 timar. Eit årsverk er rekna til 1645 timar. Reknar ein dette om i årsverk får ein:  $5748 : 1645 = 3,494$ , dvs 3,5 årsverk, men problemet er at dette ikkje er det same som stillingar. Ein treng 6 nye pleiarar for å gi auka teneste på dag / kveld i helga med arbeid kvar 3. veke.

Meland Sjukeheime har hatt kompetanse og heiltidskultur som satsingsområde frå 2014 med blant anna innføring av årsturnus. Gjennom årsturnus har ein høve til å tilsette personale i kombinasjonar av faste stillingar og vikarstillingar. Ved tilsetting i heile stillingar vil vikarkostnadane gå ned då 6 nye stillingar vil gi rom for reduksjon i innleige av vikarar.

### Bemanning og pleiefaktor:

Det fins i dag ingen klar definisjon av omgrepet «pleiefaktor» i Norge.

Pleiefaktor er tal på tilsette i direkte pasientarbeid i høvet til tal på pasientar i ein avdeling. Vanlegvis er personell på natt trekt ut når ein reknar pleiefaktor.

T.d. vil ein sjukeheimsavdeling med 18 årsverk pleiepersonell dag/kveld og 20 pasientar ha en pleiefaktor på 0,90 ( $18 : 20 = 0,9$ ).

I dag har Nordgardstunet 14,6 årsverk og 18 pasientar. Dette gir ein pleiefaktor på 0,81 noko som ikkje er spesielt høgt. Ved å auka med 6 stillingar vert totalt årsverk 20,5.

### Pleiefaktor ved dei ulike avdelingane er pr. januar 2017:

Avdelingar:	Pleiefaktor – utrekning:	Pleiefaktor pr avdeling:
Nordgardstunet:	14,6 årsverk : 18 pasientar	0,81
Lerketunet:	12,04 årsverk : 12 pasientar	1,003
Solkroken:	10,1 årsverk: 9 pasientar	1,12

### Ser på pleiefaktor i høvet til tal på pasientrom:

Tal pasientar	Samla årsverk i høvet pasientar	Pleiefaktor	
18 pasientar (drift i dag)	14,6 : 18	0,81	0
Auke 1 rom (19 pasientar)	20,5 : 19	1,079	6 årsverk
Auke 2 rom (20 pasientar)	20,5 : 20	1,025	Som over
Auke 3 rom (21 pasientar)	20,5 : 21	0,976	Som over
Auke 4 rom (22 pasientar)	20,5 : 22	0,932	Som over

Det ein ser av tabellen er at pleiefaktoren går ned ved opning av fleire rom og nye stillingar er det same – ikkje aukande.

Ut frå dette vert konklusjonen: **at ein kan like godt opna fire rom som eitt pasientrom.**

Kostnad for 6 stillingar vert 3,9 mil. med sosiale utgifter og ulempetillegg (Snittlønskostnad med sosiale utgifter og ulempetillegg kr. 650 000,-).

Randi Rotevatn Minde

Leiar Meland Sjukeheim.

